

Fylkesmannen i Hordaland

**REVISJONSUTTALE – RADØY KOMMUNE, STYRKINGSMIDLAR TIL
BARNEVERNSTENESTA**

Vi har gjennomført dei kontrollhandlingane som er avtalt med dykk og lista opp nedanfor. Vårt oppdrag er utført i samsvar med ISRS 4400 "Avtalte kontrollhandlingar". Handlingane er utført for å gi dykk grunnlag for å vurdere at rekneskape er rett og at prosjektet er i samsvar med tilsegn datert 01.06.2017 ref. 2016/5017 620.

Samla utgiftsført i 2017 er kr 313 831.

Vi har utført fylgjande kontrollhandlingar:

- At rapporterte utgifter stemmer med bokførte utgifter i kommunerekneskapen.
- At rekneskapsammendraget som vert sendt til fylkesmannen, er i samsvar med den kontrollerte rekneskapen

Vårt arbeid har ikkje avdekka vesentlege feil eller avvik.

Då desse kontrollhandlingane verken er revisjon eller avgrensa revisjon i samsvar med revisjonsstandardane, gir vi ikkje uttrykk for noko sikkerheit for at søknaden ikkje inneheld vesentlege feil.

Dersom vi hadde utført tilleggshandlingar eller hadde gjennomført revisjon eller avgrensa revisjon av rekneskapen, kunne andre forhold ha kome til vår kunnskap og blitt rapportert til dykk.

Vår rapport er kun utarbeidd for det formålet som er omtala i første avsnitt i denne rapport og skal ikkje brukast til anna formål. Rapporten er berre meint å skulle distribuerast til Fylkesmannen i Hordaland og kommunen. Distribusjon utover dette må skje i samsvar med reglane i Offentlighetslova.

Isdalstø, 31.05.2018

NORDHORDLAND REVISJON IKS



Reidar Bjørsvik
Revisjonssjef

Gjenpart: Radøy kommune